

Innst. S. nr. 184

(2001-2002)

Innstilling frå samferdselskomiteen om forslag fra stortingsrepresentantene Kenneth Svendsen, Ulf Erik Knudsen, Per Erik Monsen og Gjermund Hagesæter om fritak for ideelle organisasjoner fra å betale konsesjonsavgift for bruk av sambandsutstyr som er nødvendig for å kunne utføre aksjoner som har til hensikt å redde liv og helse

Dokument nr. 8:104 (2001-2002)

Til Stortinget

SAMANDRAG

I Dokument nr. 8:104 (2001-2002) fremmes følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen snarest fremme forslag om at ideelle organisasjoner som er avhengig av sambandsutstyr for å kunne gjennomføre redningsaksjoner med sikte på å redde liv og helse, får fritak fra å betale årlig konsesjonsavgift etter teleloven. Inntektsbortfallet blir dekket ved at Post- og teletilsynet effektiviserer tilsvarende."

Som bakgrunn for forslaget vises til at ideelle organisasjoner gjør en stor og nødvendig innsats på en rekke områder. Bare Norges Røde Kors Hjelpekors har ca. 225 hjelpekorps bestående av ca. 12 000 autoriserte medlemmer og utførte i år 2001 ca. 450 redningsaksjoner. For å utføre slike redningsaksjoner er de ideelle organisasjonene avhengig av sambandsutstyr.

I tillegg til kostnaden som påløper ved innkjøp av slikt sambandsutstyr, må den enkelte ideelle organisasjon også betale årlig konsesjonsavgift til staten.

Røde Kors Hjelpekors betaler ca. kr 500 000 pr. år i konsesjonsavgift. Organisasjonene som tilhører "Frivillige redningsfaglige forum" betaler totalt ca. 2 mill. kroner i konsesjonsavgift pr. år. Konsesjonsavgiften blir betalt inn til Post- og teletilsynet.

Post- og teletilsynet har opplyst at den type samband som bl.a. Norges Røde Kors benytter er et såkalt lukket nett som krever tillatelse etter teleloven kapittel fem med tilhørende forskrifter. For denne type utstyr er det forskjellige former for årsgebyr.

Det forhold at avgifter innbetalt av ideelle organisasjoner bare utgjør i overkant av 1 pst. av totale inntekter til Post- og teletilsynet, gjør at disse innbetalingene

bør kunne fjernes uten at Post- og teletilsynet trenger kompensasjon for dette.

Man forutsetter da at Post- og teletilsynet må kunne effektivisere det tilsvarende inntektsbortfallet på ca. 2 mill. kroner.

Ideelle organisasjoner som er avhengige av sambandsutstyr for å kunne gjennomføre redningsaksjoner med sikte på å redde liv og helse bør få fritak fra å betale konsesjonsavgift etter teleloven. Post- og teletilsynet bør kunne pålegges å effektivisere tilsvarende dette inntektsbortfallet på ca. 2 mill. kroner.

MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Sigrun Eng, Bjørgulv Froyn, Oddbjørg Ausdal Starrfelt og Tor-Arne Strøm, frå Høgre, Anne Berit Andersen, Sverre J. Hoddevik, Hans R. Kjæstad og leiaren Petter Løvik, frå Framstegspartiet, Thore A. Nistad og Kenneth Svendsen, frå Sosialistisk Venstreparti, Geir-Ketil Hansen og Heidi Sørensen, frå Kristeleg Folkeparti, Odd Holten og Jan Sahl og frå Senterpartiet, Jorunn Ringstad, er kjend med den store og viktige innsatsen organisasjonar som tilhøyrrer "Frivillige redningsfaglige forum" står for ved deltaking i redningsaksjonar. Desse organisasjonane sin innsats er heilt avgjerande for beredskap og redningsarbeid anten det er i periodar med stor utfart, eller det er i enkeltaksjonar på sjøen eller fjellet.

Komiteen er vidare kjend med at desse organisasjonane brukar mykje tid og stor innsats for å skaffe

midlar til drifta av organisasjonane. Utgiftene til utstyr og deltaking i redningsaksjonar er store. Sambandsutstyr er heilt avgjerande for den verdfulle innsatsen dei frivillige organisasjonane yter. I dag betalar desse organisasjonane nær halvparten av tilskotet dei får over Justisdepartementet sitt budsjett i gebyr til Post- og teletilsynet. Fritak frå konsesjonsavgifta for bruk av sambandsutstyr ville ha betra organisasjonane sin økonomi.

Komiteen sitt fleirtal, alle unnateke medlemmene frå Framstegspartiet, finn likevel ikkje at det er rett å fritta dei ideelle organisasjonane for avgift, når dette vil innebere at andre brukarar må betale høgare avgift enn dei utgiftene Post- og teletilsynet har knytt til desse brukarane si verksemd.

Fleirtalet meiner det bør arbeidast vidare for å effektivisere verksemda i Post- og teletilsynet, slik at utgiftsreduksjonar kan gi lågare gebyr. I tillegg meiner fleirtalet det bør vurderast å auke det direkte statlege tilskotet til organisasjonane som yter stor innsats i redningsarbeid. Desse organisasjonane sin innsats sparer det offentlege for store summer og det er difor urimeleg at nær halvparten av dagens tilskot må betalast i gebyr til det offentlege.

Komiteen sine medlemmer frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet ber Samferdselsdepartementet finne løysingar, eventuelt saman med andre departement slik at organisasjonar i "Frivillige redningsfaglige forum" slepp å bruke av statlege tildelte midlar til å dekke konsesjonsavgift for bruk av sambandsutstyr.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet mener det vil være riktig å fritta de ideelle

organisasjonene fra konsesjonsavgift, og vil fremme følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen snarest fremme forslag om at ideelle organisasjoner som er avhengig av sambandsutstyr for å kunne gjennomføre redningsaksjoner med sikte på å redde liv og helse, får fritak fra å betale årlig konsesjonsavgift etter teleloven. Inntektsbortfallet blir dekket ved at Post- og teletilsynet effektiviserer tilsvarende."

FORSLAG FRÅ MINDRETAL

Forslag frå Framstegspartiet:

Stortinget ber Regjeringen snarest fremme forslag om at ideelle organisasjoner som er avhengig av sambandsutstyr for å kunne gjennomføre redningsaksjoner med sikte på å redde liv og helse, får fritak fra å betale årlig konsesjonsavgift etter teleloven. Inntektsbortfallet blir dekket ved at Post- og teletilsynet effektiviserer tilsvarende.

TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har elles ingen merknader, viser til dokumentet og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

Dokument nr. 8:104 (2001-2002) - forslag fra stortingsrepresentantene Kenneth Svendsen, Ulf Erik Knudsen, Per Erik Monsen og Gjermund Hagesæter om fritak for ideelle organisasjoner fra å betale konsesjonsavgift for bruk av sambandsutstyr som er nødvendig for å kunne utføre aksjoner som har til hensikt å redde liv og helse - vert å leggje ved protokollen.

Oslo, i samferdselskomiteen, den 14. mai 2002

Petter Løvik
leiar

Jorunn Ringstad
ordførar

Geir-Ketil Hansen
sekretær

Vedlegg**Brev frå Samferdselsdepartementet v/statsråden med svar på spørsmål
frå samferdselskomiteen, dagsett 22. april 2002****Dokument nr. 8:104 (2001-2002)**

Vi viser til brev fra Stortinget av 12. april d.å. om ovennevnte.

Departementet har følgende svar på spørsmålene i brevet:

1. Samferdselsdepartementet har fått opplyst av Justisdepartementet at Frivillige redningsfaglige forum mottar om lag kr 4,6 mill. for budsjettåret 2002 over Justisdepartementets budsjett.
2. En reduksjon av Post- og teletilsynets inntekter tilsvarende kr 2 mill. vil ifølge tilsynet kunne få som konsekvens at oppgaver og tjenester på Private mobile radionett-området tilsvarende kr 2 mill. ikke blir utført.

Post- og teletilsynet er pålagt selvfinansiering av sine utgifter. Med unntak av 10 mill. kr til radio-støykrollens arbeid som i sin tid ble finansiert over apparatavgiften, skal selvfinansieringen være 100 pst. Gebyrene skal være kostnadsrelaterte.

Et evt. gebyrfritak for frivillige organisasjoner ville innebære at andre brukere måtte betale gebyrer som er høyere enn de utgiftene Post- og teletilsynet har knyttet til disse brukernes virksomhet, dvs. en krysssubsidiering på bekostning av andre brukere av tilsynets tjenester.

Tilsynet arbeider jevnlig med å effektivisere sin virksomhet og Samferdselsdepartementet vil ta opp med tilsynet hva som kan gjøres på dette området. Utgiftsreduksjoner som følge av dette fører til lavere gebyrer for brukerne generelt. Dette innebærer at et selektivt gebyrfritak vil medføre krysssubsidiering med mindre kravet til selvfinansiering ikke reduseres tilsvarende. Reduseres kravet til selvfinansiering, vil gebyrfritaket belaste statskassen og ikke de øvrige telebrukerne og da kunne denne indirekte støtten, som det i realiteten vil være, like godt legges til i den direkte årlige støtten til disse organisasjonene, slik at denne ble synlig.

3. Post- og teletilsynet har ikke gjort unntak fra gebyrforskriften.